

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**      **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**

**Møtested:**   E-postmøte

**Dato:**        24.01.2020

**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til Johannes P. Skahjem, mobil 94870922, eller e-post.

Vararepresentanter deltar etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/2020	Godkjenning av innkalling		
ST 2/2020	Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Øvingsplan - Snøskuter - Røde Kors Luster Hjelpekorps		2019/21597
ST 3/2020	Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2020 - 2023 - Kjentmannskøyning - Norsk Folkehjelp Årdal		2019/9271

### ST 1/2020 Godkjenning av innkalling



Arkivsaksnummer:	2019/21597-2	Saksbehandlar:	Johannes Pøhmer Skahjem	Dato:	22.01.2020
------------------	--------------	----------------	-------------------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2020	24.01.2020

## Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020-2023 - Øvingsplan - Snøskuter - Røde Kors Luster Hjelpekorps

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev medhald av § 3 pkt. 6.3 a) i verneforskriftene for Jotunheimen NP og Utladalen LVO løyve til kjentmannskøyring for Luster Røde Kors Hjelpekorps i samsvar med øvingsplan tilrådd av Vest Politidistrikt for åra 2020-2023. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ein kjentmannsturtur med inntil 6 snøscooterar på rutene:
  - ID 6 - Turtagrø - Skagadalen NTK- Ringsdalen - Soleibotnane - Berdalsbreen
  - ID 8 - Turtagrø - Fanaråkbreen t/r
  - ID 9 - Turtagrø - Skogadalsbøen DNT- Olavsbu DNT t/r
  - ID 10 - Turtagrø - Olavsbu DNT t/r
  - ID 11 - Turtagrø - Leirvassbu DNT t/r
- Antall scooterar skal reduserast til 4 dersom ikkje andre korps deltar.
- Kjentmannstur med ID 8 skal følgje vegtraseen Turtagrø – Sognefjellshytta og vidare følgje trasenettet inn til Fanaråkbreen.
- Løyvet gjeld inntil 5 turar med inntil 4 scooterar på rute:  
ID 18 - Turtagrø - Skagadalen - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Fanaråksbreen t/r
- Alle kjentmannssturar som førgår i nasjonalpark/landskapsvernområdet skal gjennomførast før 1. april av omsyn til villrein. Unntaket gjeld øving med ID 18. Denne øvinga skal gjennomførast i perioden uke 12 til og med uke 16.
- Ferdsel i desse områda krev omsyn til villrein. Reinens behov for ro og avstand skal respekterast. Det skal takast kontakt med Vest-Jotunheimen villreinutval minst 5 dagar før planlagt tur, med moglegheit for justering av trase dersom reinen oppheld seg i området ved det aktuelle tidsrommet.
- Snøscooterar tilhøyrande korpset eig skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøscooterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.
- Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. retningsliner for kjentmannskøyring i verneområde.

- Lokalt SNO, Rigmor Solem, skal varslast ved kopi av køyreordre (e-post rigmor.solem@miljodir.no eller SMS til 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 1. mai.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

- Søknad – Øvingsplan for Luster RHK 2020-2023 med politiets vurdering/godkjenning, oversendt via Vest Politidistrikt v/ Bjørn Helge Skurtveit ved e-post 30.01.2020
- Vedtak - Øvingsplan vinter 2020-2023 for Luster Røde Kors Hjelpekorps v/ Vest Politidistrikt
- Retningslinjer om redningstenestenes bruk av snøscooter i utmark og i verneområder utarbeidd i samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Justisdepartementet  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/29ca7289d3f94ccbbae38c471eab2ab8/retningslinjer\\_redningstjenestens\\_bruk\\_snoscooter\\_utmark\\_verneomrader\\_130131.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/29ca7289d3f94ccbbae38c471eab2ab8/retningslinjer_redningstjenestens_bruk_snoscooter_utmark_verneomrader_130131.pdf)

## Saksopplysningar

Luster Røde Kors Hjelpekorps har lagt fram øvingsplan med behov for kjentmannskøyering og øvingar i perioden 2020-2023. Følgande kjentmannsturar og øvingar vil førgår i nasjonalpark/landskapsvernområde og er godkjent av Vest Politidistrikt:

- ID 6 - Turtagrø - Skagadalen NTK- Ringsdalen - Soleibotnane - Berdalsbreen ved Austanbottstindane. Nabokorps: Hafslo og Skredgruppa deltar
- ID 8 - Turtagrø - Fanaråkbreen t/r
- ID 9 - Turtagrø - Skogadalsbøen DNT- Olavsbu DNT t/r
- ID 10 - Turtagrø - Olavsbu DNT t/r
- ID 11 - Turtagrø - Leirvassbu DNT t/r
- ID 18 - Utgangspunkt Turtagrø - Skagadalen - Dyrhaugsryggen - Ringsdalen - Fanaråksbreen t/r

Øvingsplanen gjeld for kvart av åra 2020, 2021, 2022 og 2023. Formålet med øvingane er oppgjve til å gjera seg kjent slik at ein kan gjera trygge vegval. Nabokorpsa Hafslo Røde Kors, Lom og Bøverdalen Røde Kors og Skredgruppa deltar på fleire øvingar i øvingsplanen.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til Arbeidsutvalet å gjera vedtak i kurante saker som er i tråd med etablert forvaltningspraksis.

## **Verneformål – forskrift**

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområde forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1. Reviderte forskrifter av 14.11.14 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): *Øvingskøyring for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).*

Pkt. 6.2 a) omfattar følgjande: «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyring.*»

## **Forvaltningsplan**

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Turisthyttene og dei kvista løypene mellom dei ligg i såkalla brukssone med store naturkvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

## **Naturmangfaldlova**

Søknad om dispensasjon til kjentmannskøyring krev løyve etter § 48 første alternativ, og kan vurderast for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurdere om ein kan gje dispensasjon. Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## **Presedens**

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg dei indre delane har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Jotunheimen. Det er etablert praksis både i Vågå, Luster og Årdal at dei i ein viss grad kombinerer kjentmannskøyring med oppdrag innan transport og løypestikking.

## **Vurdering**

Jotunheimen og Utladalen viktige friluftsområde, med god infrastruktur i form av kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktigaste utfartsperioden vinterstid, men ein ser tendens til auka turaktivitet i større delar av året. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur, og korpsa har behov for å bli kjent gjennom kjentmannsturar.

Forvaltningsstyresmakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må takast utgangspunkt i verneformåla i formålsparagrafen (§ 1) for det aktuelle verneområdet:

«*Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og*

*villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ....

*Allmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet, og den frivillige redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Hjelpekorpsa har behov for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei vil gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre egne hjelpemannskap.

Hjelpekorpsset og politiet har vurdert eit særleg behov for å drive kjentmannskøyring som går inn i Jotunheimen og Utladalen frå Turtagrø.

Vinterstid er generelt ei sårbar periode for faunaen i høgfjellet. Nokre artar er særleg utsette, detta spesielt villreinen.

Det er viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyrning – jf.

naturmangfaldlovas §10 – økosystemtilnærming og samla belastning.

Kjentmannskøyringa er del av samla belastning, og ved å setja vilkår om å avgrense talet på skuterar som køyrer vert forstyrninga redusert (§ 9 i nml om føre-varprinsippet).

Då øvingsplanen er godkjent av politiet vert kjentmannskøyringa vurdert som nødvendig køyring (jf. retningslinjene frå 2013), men omsyn til verneverdiane tilseier at det må vera strengare prioritering av tal skuterar på dei mest sårbare strekningane.

Hjelpekorpsset må organisere øvinga med færre skuterar, slik at det blir ei rullering mellom deltakarane i løpet av 4- årsperioden planen dekkjer. §§11 og 12 er ikkje relevante i saka.

Kjentmannskøyringa er for å kunne gjera seg kjent i ulike delar av aktuelle utrykkingsområde. Generell trening med skuter er viktig for å meistre ulike forhold i fjellet, men slik trening skal leggast utanfor verneområdet – jf. retningslinjer fastsett av Miljøverndepartementet og Justisdepartementet i felles retningslinjer frå 2013.

### Konklusjon:

Turtagrøområdet og Hurrungane vert vurdert å vera blant Luster Røde Kors

Hjelpekorps sine viktige områder for utrykking.

Politiet skal vurdere det beredskapsmessige behovet i ein øvingsplan som også inkluderer talet på turar og talet på scooterar. Ein registrerer at talet på turar er redusert innan verneområda i høve til det som gjeld køyring utanom

nasjonalpark/landskapsvernområde. Talet på skuterar i denne søknaden er likevel stort. For å redusere påverknaden på særleg sårbare verneverdiar, spesielt villrein i området, vert talet på skuterar redusert til 6 for kjentmannsturar der andre hjelpekorps deltar. Det blir også gitt vilkår om at talet på scooterar skal reduserast til 4 for kjentmannsturar der Luster Røde Kors hjelpekorps utførar turen aleine.

Luster Røde Kors hjelpekorps har utarbeidd ein øvingsplan som viser vinteraktivitet gjennom året for perioden 2020-2023. Med dette kan over ein lengre periode byggje opp kompetanse i hjelpekorpsset. Politiet skal i medhald til retningslinjene sende ut køyreordre ved godkjende øvingar. Dersom politiet sender kopi av køyreordre til nasjonalparkforvaltar og SNO, vil ein unngå meirarbeid med varsling og rapportering frå hjelpekorpsa. Ein fleirårig plan reduserer papirarbeidet knytt til godkjenning av søknader.



Arkivsaksnummer:	2019/9271-5	Saksbehandlar:	Johannes Pøhmer Skahjem	Dato:	22.01.2020
------------------	-------------	----------------	-------------------------	-------	------------

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2020	24.01.2020

## Jotunheimen NP - Utladalen LVO - Dispensasjon - 2019 - 2021 - Kjentmannskøyring - Norsk Folkehjelp Årdal

### Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev i medhald av § 3 pkt. 6.3 a) i verneforskriftene for Jotunheimen NP og Utladalen LVO løyve til kjentmannskøyring for Norsk Folkehjelp Årdal i samsvar med øvingsplan tilrådd av Vest Politidistrikt for åra 2020-2021. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ein tur med inntil tre snøskuterar kvar sesong, før 15. april på rutene:
  - Tyinosen – Trollsjøen
  - Tyinosen – Fremre Vasspollane
  - Tyinosen – Kyrkjevatnet
  - Tyinosen – Ingjerdbu
- Løyvet gjeld ein tur kvar sesong med inntil 3 skuterar på ruta Turtagrø – Skogadalsbøen – Uradalen – Tyinosen som skal samkøyrast med Luster Røde Kors Hjelpekorps, før 1. april.
- Snøscooterar tilhøyrande korpset eig skal vere merka med organisasjonen sin logo. Dersom det vert brukt andre snøscooterar som hjelpekorpsset disponerer, skal desse merkast slik at det går fram at dei er i hjelpekorpsset si teneste.
- Utskrift av dispensasjon skal vera med på turane, slik at øvingsleiar kan vise denne ved eventuell kontroll.
- Politiet varslar gjennom utsending av køyreordre før kvar kjentmannstur, jf. retningsliner for kjentmannskøyring i verneområde.
- Lokalt SNO, Rigmor Solem, skal varslast ved kopi av køyreordre (e-post rigmor.solem@miljodir.no eller SMS til 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar snarast råd etter øvinga, og seinast innan 1. mai.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad om dispensasjon for kjentmannskøyring, oversendt frå Norsk Folkehjelp Årdal 13.11.2019

- Brev til Årdal Folkehjelp frå Vest Politidistrikt, 06.01.2020
  - Øvingsplan 2020-2021 – Årdal folkehjelp, med Vest Politidistrikt sin vurdering/godkjenning, oversendt 06.01.2020
  - Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
  - Retningslinjer om redningstenestenes bruk av snøscooter i utmark og i verneområder utarbeidd i samarbeid mellom Miljøverndepartementet og Justisdepartementet
- [https://www.regjeringen.no/contentassets/29ca7289d3f94ccbbae38c471eab2ab8/retningslinjer\\_redningstjenestens\\_bruk\\_snoscooter\\_utmark\\_verneomrader\\_130131.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/29ca7289d3f94ccbbae38c471eab2ab8/retningslinjer_redningstjenestens_bruk_snoscooter_utmark_verneomrader_130131.pdf)

## Saksopplysningar

Norsk Folkehjelp Årdal har lagt frem øvingsplan med behov for kjentmannskøyering for kvart av åra 2020 og 2021. 5 av kjentmannsturane omfattar areal innan nasjonalpark/landskapsverneområde. For disse turane er talet på skuterar i søknaden satt til 3. Delen av søknaden som gjeld verneområda er kjentmannskøyering til områda Trollsjøen, Fremre Vasspollane, Kyrkjevatnet og Ingjerdbu i tidsrommet veke 12-22. Alle turane har Tynosen som startpunkt. Søknaden omfattar også to turar langs stikka rute frå Turtagrø via Skogadalsbøen og Uradalen til Tynosen i tidsrommet veke 6-14. Formålet med øvingane er oppgjeve å førebu seg på eventuelle søk eller redningsaksjonar i området. Og kvalitetssikre vegval, oppdatere GPS-ruter samt å undersøke dekningsforhold.

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015. NP-styret har i møte 11. mai 2016 delegert til Arbeidsutvalet å gjera vedtak i kurante saker som er i tråd med etablert forvaltningspraksis.

### Verneformål – forskrift

Det er i nasjonalparken og landskapsvernområde forbod mot motorferdsel – jf. verneforskrifta § 3, pkt. 6.1. Reviderte forskrifter av 14.11.14 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon i medhald av § 3 pkt. 6.3.a): **Øvingskøyering for formåla som er nemnde i pkt. 6.2 a).**

Pkt. 6.2 a) omfattar følgjande: «*Motorferdsel i samband med militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Regelen gjeld ikkje øvingskøyering.*»

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Turisthyttene og dei kvista løypene mellom dei ligg i såkalla brukssone med store naturkvalitetar.

Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»

## Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## Presedens

Det er mange hjelpekorps som soknar til Jotunheimen og Utladalen og dei har i prinsippet kvar sin «primærteig» med utgangspunkt i dei mest nytta utfartsområda som soknar til verneområda. Fjellområdet er utsett for ver og vind, og særleg dei indre delane har behov for fleire «inngangar» slik at redningstenesta kan koma seg inn frå ulike kantar. Under større redningsaksjonar kan hjelpekorpsa ha behov for assistanse frå nabokorps. Det er store område som skal dekkast, og det er viktig at kompetansen lokalt vert bygd opp i fellesskap mellom dei ulike hjelpekorpsa som naturleg soknar til Jotunheimen. Det er etablert praksis både i Vågå, Luster og Årdal at dei i ein viss grad kombinerer kjentmannskøyring med oppdrag innan transport og løypestikking.

## Vurdering

Jotunheimen og Utladalen viktige friluftsområde, med god infrastruktur i form av kvista løyper og turisthytter. Tradisjonelt har påska vore viktigaste utfartsperioden vinterstid, men ein ser tendens til auka turaktivitet i større delar av året. Den frivillige redningstenesta er viktig for sikkerheita til folk på tur, og korpsa har behov for å bli kjent gjennom kjentmannsturar.

Forvaltningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere om søknadane «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...» og det må takast utgangspunkt i verneformåla i formålsparagrafen (§ 1) for det aktuelle verneområdet:

*«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.»*

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- ....

*Allmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Friluftsliv er ein del av verneformålet for verneområdet, og den frivillige redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Hjelpekorpsa har behov for å gjera seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei vil gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre egne hjelpemannskap.

Hjelpekorpsset og politiet har vurdert eit særleg behov for å drive kjentmannskøyring som går inn i Jotunheimen og Utladalen frå Tyinosen og Turtagrø.

Vinterstid er generelt ei sårbar periode for faunaen i høgfjellet. Nokre artar er særleg utsette, detta spesielt villreinen.

Det er viktig å vurdere omfang av ferdsel og auka grad av forstyring – jf. naturmangfaldlovas §10 – økosystemtilnærming og samla belastning.

Kjentmannskøyeringa er del av samla belastning, og ved å setja vilkår om å avgrense talet på skuterar som køyrer vert forstyrringa redusert (§ 9 i nml om føre-varprinsippet). Då øvingsplanen er godkjent av politiet vert kjentmannskøyeringa vurdert som nødvendig køyring (jf. retningslinjene frå 2013), men omsyn til verneverdiane tilseier at det må vera strengare prioritering av tal skuterar på dei mest sårbare strekningane. Norsk Folkehjelp Årdal må organisere øvinga slik at det blir ei rullering mellom deltakarane i løpet av 2- årsperioden planen dekkjer. §§11 og 12 er ikkje relevante i saka.

Kjentmannskøyeringa er for å kunne gjera seg kjent i ulike delar av aktuelle utrykkingsområde. Generell trening med skuter er viktig for å meistre ulike forhold i fjellet, men slik trening skal leggast utanfor verneområdet – jf. retningslinjer fastsett av Miljøverndepartementet og Justisdepartementet i felles retningslinjer frå 2013.

#### Konklusjon:

Områda i øvingsplanen vert vurdert å vera blant Norsk Folkehjelp Årdal sine viktige områder for utrykking. Det er ønskjeleg at dei ulike hjelpekorpsa planlegg kjentmannsturar og vurderer det samla behovet, med forankring i ein langsiktig overordna øvingsplan. Det er relevant å etablere ein god dialog med hjelpekorpsa i Vågå, Lom, Luster og Vang.

Politiet skal vurdere det beredskapsmessige behovet i ein øvingsplan som også inkluderer talet på turar og talet på scooterar. Ein registrerer at talet på turar er redusert innan verneområda i høve til det som gjeld køyring utanom nasjonalpark/landskapsvernområde.

Norsk Folkehjelp Årdal har utarbeidd ein øvingsplan som viser vinteraktivitet gjennom året for perioden 2020-2021. Med dette kan over ein lengre periode byggje opp kompetanse i hjelpekorpsset. Politiet skal i medhald til retningslinjene sende ut køyreordre ved godkjende øvingar. Dersom politiet sender kopi av køyreordre til nasjonalparkforvaltar og SNO, vil ein unngå meirarbeid med varsling og rapportering frå hjelpekorpsa. Ein fleirårig plan reduserer papirarbeidet knytt til godkjenning av søknader.